



# Stortingsvalet 2017

Kontrollteljing 13. til 17. september

# Agenda

Opplæring	Valansvarlege
11:00	Velkomen og gjennomgang av program
11:05	Generell info, korleis skjer kontrollteljing, behov for kontaktperson
11:30	Pause
12:00	Korleis pakke og kva skal overleverast? Med kvittering
12:15	Møteboka
12:30	Spørsmål og avslutning

# Fylkesvalstyret sine oppgaver



- «*Valgstyret er ansvarlig for opptelling av stemmesedler. Opptellingen foretas av de personer og på den måten valgstyret har bestemt.*»
- > Administrasjonen i fylkesadministrasjonen står for det praktiske arbeidet, i samarbeid med Bergen kommune. Felles skannersenter

# Valoppgjøret



- Valet er 11. september.
- Kommunane skal ha ein urneteljing og ein førebels teljing av fylkestingsrøystesetlane. De leverer valmateriellet onsdag 13. september på Bergen rådhus.
- Fylkeskommunen føretek endeleg teljing av fylkestingsrøystesetlane, 13.-15. september.
- Fylkeskommunen skriv protokollen frå kontrollteljinga, 16.-17. september.
- Fylkesvalstyret godkjenner valresultatet på fylkesvalstyremøtet 18. september.



## Korleis er opplegget på rådhuset?

- Alle kommunane vert tekne imot i resepsjonen av to tilsette frå fylkesadministrasjonen.
- Ein og ein kommune kjem inn til mottaket i 2. etasje.
- Dei tilsette frå fylkeskommunen hjelper dykk med å bere valmateriellet.
- Det må vera minst to personer frå kommunen som leverer materiell – ein sjåfør og ein som tar valmateriellet opp til mottak.
- Mottaket består av tilsette frå fylkeskommunen som sjekkar valmateriellet opp mot kvitteringa.
- Kvitteringane vert underskrive; kommunen får ein med tilbake og ein følgjer valmateriellet vidare.



## Tidsplan 13. september:

- Kommunane vert delt inn i tre puljar:
  - Pulje 1 leverer valmaterialet på Bergen Rådhus kl. 11 til 12:30

Bergen		
Sveio	Stord	Bømlo
Fitjar	Tysnes	Etne
Kvinnherad	Odda	Ullensvang
Eidfjord	Ulvik	



## Tidsplan 13. september:

- Kommunane vert delt inn i tre puljar:
  - Pulje 2 leverer valmaterialet på Bergen Rådhus kl. 12:30 til 14:00

Granvin	Modalen	Masfjorden
Austrheim	Fedje	Jondal
Os	Fjell	Sund
Askøy		



## Tidsplan 13. september:

- Kommunane vert delt inn i tre puljar:
  - Pulje 3 leverer valmaterialet på Bergen Rådhus kl. 14:00 til 15:30

Meland	Radøy	Øygarden
Austevoll	Lindås	Osterøy
Samnanger	Vaksdal	Voss
Fusa	Kvam	



# Kvitteringa



- Fyll ut før de kjem:
  - > Kommune
  - > Tal på esker for kvar teljekategori
  - > Tal på strekkodar for kvar teljekategori
  - > Kommentar dersom tal for esker og strekkodar ikkje stemmar
  - > Kontaktinfo til den som er ansvarleg for møteboka.
  
- Fyllast ut i mottaket:
  - > Levert
  - > Mottatt kl.
  - > Underskrift frå valansvarleg/den som leverer valmateriellet og den som tek i mot valmateriellet.

## Dersom noko manglar eller er uklart?

- Det er dykkar ansvar at valmateriellet er tilfredstillande pakka. Dersom det er mange manglar kan de verte bedt om å rette opp manglane før dykk får levere valmateriellet.

# Valmateriellet



Valstyret skal sende følgjande valmateriell til fylkesvalstyret:

- **Tejkekategoriar:**
  - > **alle ordinære førehandsrøystesetlar – med strekkode**
  - > **alle seint innkomne/lagt til side – med strekkode**
  - > **alle ordinære valtingsrøystesetlar – med strekkode**
  - > **alle røyster i særskilt omslag – med strekkode**
  - > **alle framandrøyster/(alle beredskapsrøyster) – med strekkode**
- **Anna:**
  - > alle forkasta røystegjevingar
  - > alle valkort frå førehandsrøystegjevinga
  - > alle omslagskonvoluttar frå førehandsrøystegjevinga utanriks og på Svalbard og Jan Mayen
  - > stadfesta avskrift av det som er protokollert i samband med stortingsvalet (møtebok)
  - > kopi av innkomne klager

# Kontrollteljinga



- Fylkeskommunen skannar alle røystesetlane. Derfor er det viktig at:
  - > De ikkje pakkar teljekategoriane i retta og uretta.
  - > Stempel er svart
  - > Røystesetlane er bretta ut når dei er pakka, ikkje ligg bretta i A5-format.
  - > Røystesetlane for blinde ikkje ligg samla, minst ein «vanleg» røystesetel mellom kvar.
  - > Røystesetlane ikkje ligg i fleire konvoluttar på 50 setlar, slik som ein teljar manuelt
  - > Strekkodane til alle eskene som de registrerar i EVA Admin følgjer med valmateriellet.
  - > Dersom det er til dømes to kassar skrivar de ut strekkodar der det står 1/2 og 2/2, ikkje 1/1 og 1/1
  - > De pakkar slik dykk teljar; kretsvis vs sentral teljing.

# Møteboka



- Alle avvik må kommenterast.
- Kommentaranane må vere slik at dei kan forståast fem dagar seinare av nokon som ikkje deltok på kommunen sin oppteljing.
- Dersom vi treng ein oppklaring vil vi ta kontakt med den som er oppført på kvitteringa. Vedkommande må derfor ha kunnskap om møteboka og innhaldet i valmateriellet. Dette kan skje når som helst i tida etter innlevering, inkludert helga.